

Referat

Studieprogramråd for sjukepleie, campus Stord og Haugesund

Møtedato: 11.3.19

kl. 12. – 14.30

Møterom: Hgsd 2008

Det blir servert ein enkel lunsj i starten av møtet

Til stades: Leif-Steinar Alfsvåg, Else Cathrine Rustad, Solveig Laukhammer, Marianne Kambe, Bente Kvilhaugsvik (alle HVL), Annette Stenersen Vikestad (studentrepr), Silje Nesheim Bøe (studentrepr HVL), Anne Pernille Lysaker (Haugesund kommune), Kristine Meling (Helse Fonna). Referent: Ingrid Stava

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste		Innkalling og sakliste skal godkjennes med evt. kommentarer	Fagseksjonsleiar	2 min
Referat: Godkjend				
2/19 Etablering av Studieprogramråd	Vedlegg: Studieprogramråd ved FHS	Gjennomgang av mandat for Studieprogramrådet Medlemer presenterer seg og seier noko om forventningar til arbeidet i Studieprogramrådet.	Innleiing og orientering ved fagseksjonsleiar	15 min
Referat: Mandat: Gjennomgang av mandat, årshjul og samansetning av SPR. Innspel til spesifikt punkt for S/H: Læringsmiljø for den einskilde student. LS og EC tek med seg vidare. TPS-skjæringspunktet skule/praksis Forventningar: <ul style="list-style-type: none"> • At studentane sitt syn får komme med, og informasjon og grunngeving om avgjerdslar • Gjennomgang av emne i tråd med kvalitetssystemet • Praksis vil vera med på å utvikla praksisfeltet, dei har kjennskap til endringar i samfunnet, systematikk og morgondagens tenester • Få komme med innspel på korleis røynda er for sjukepleiarane • Refleksjon over eksisterande modell jf ny modell • Utanfråperspektiv • Retningsgjevande diskusjonar 				

3/19 Gjennomgang av Rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanning	Vedlegg: <ul style="list-style-type: none"> • Rammeverket • Kvalitetshåndboken 	Gjennomgang av rammeverket <ul style="list-style-type: none"> • Kvalitet i emne • Kvalitet i Studieprogram • Kvalitet i studieportefølje 		30 min
Referat: Gjennomgang av rammeverket. Studieportefølje: Det skal vera samanheng mellom bachelorutdanning og EVU-master-phd Gjennomgang av ansvarsområde i kvalitetsarbeidet for emneansvarlig Marianne skildrar kva dei gjer i 1. semester. Student: Uhensiktsmessig med samla evaluering for begge emne i eit semester. Fordel med dialogmøte, slik at ein og får lærarane sine synspunkt og forklaringar, elles kan det fort bli berre negativt Lekkje til emneplanar med læringsutbytteskildringar – sende ut til neste SPR. Vi er bundne til læringsutbytteskildringar, men har pedagogisk fridom utover det. Praksis er og som emne å rekna, så det vert jobba med korleis ein skal evaluere praksisemne på same måte som teoriemne Gjennomgang av ansvarsområde i kvalitetsarbeidet for studieprogramansvarlig.				
4/19 Studiebarometeret 2018		Studieprogramrådet bes om å gi innspill til vidare oppfølging av Studiebarometeret	Fagseksjonsleder innleder og orienterer	30 min
Referat: Presentasjon av resultat frå studiebarometeret på campus Haugesund. Hovudresultat frå 2018-undersøkjinga: Studentane er ikkje klare for overgangen frå vidaregåande til høgskule. Dette må det jobbast med. Hgds: Studentane er stort sett nøgde med studiestart og faglig forventning. Skårer lågare enn gjennomsnittet på eige engasjement Passe tidsbruk studier/eigenarbeid/betalt arbeid. Høgare enn gjennomsnitt på tilbakemeldingar i praksis. Viktig at praksis og får tilbakemelding ris/ros. Mogleg med eige SPR berre for praksis? Over sommaren, ventar på ein rapport som kjem. Studentane våre opplever ikkje at vurderingsformene har handla om sentrale delar av pensum + lågare enn gjennomsnittet for faglig utvikling. Me har jobba med medverknad, vonar at det gir utslag i høgare tilfredshet. Skårer veldig dårlig på digitale verktøy. Har innført fleire nye system dette året (Leganto, canvas, WiseFlow), mogleg det kan vera ein forklaring. I tillegg er skulen fysisk dårlig tilrettelagt for digitale løysingar. Prosess på oppfølging: Læringsmiljø og campusutvikling, studentaktive læringsformer, streama undervisning, opplæring i kvalitetssystemet til studentar, utvikle samarbeid med praksis, mellom anna gjennom årleg praksisdag. Sensorrettelærar til alle eksamenar, tydeliggjera samanhengen mellom pensum og læringsutbyttene, oppretthalde fokuset på studentmedverknad, både knytta til dagens læringsmodell og samkøyringsprosjektet. Stord: Mykje det same, men skårar dårlegare enn nasjonalt og intitusjonsnivå på fleire parametre, dette må me jobbe med.				
5/19 Orienteringer	Organisasjonskart for råd og utvalg Utdanningsutvalet FHS	<ul style="list-style-type: none"> • Administrativ struktur i FHS, samt ulike råd og utvalg i fakultetet/instituttet og fagseksjonen • Status samordning og utvikling av bachelor i sykepleie 	Fagseksjonsleder orienterer	20min

		<ul style="list-style-type: none"> • Studentene orienterer om studentråd og tillitsvalgtarbeid i FHS • Andre orienteringssaker kan bli annonsert i møtet 		
Referat: Den administrative organiseringa er knapt på plass, derfor er det berre den overordna fagorganiseringa som vert presentert. Status samordning og utvikling av bachelor i sjukepleie (oppstart nytt program hausten 2020): Presentasjon av førebels programskisse. Emneskildringar skal vera klare med fyrste utkast før sommaren. https://www.hvl.no/Vestibyen/organisasjonen/fakultet/fhs/utvikling-og-samkoyring-av-utdanningane/sjukepleie/				
6/19 Eventuelt		<ul style="list-style-type: none"> • Møteplan hausten 2019 Aktuelle saker 		10 min
Referat: Nytt møte i SPR 17. juni, Stord, 14. okt Hgsd, 25. nov Stord.				

Oppretting av studieprogramråd ved FHS

18.01.2019 Notat frå prodekan utdanning Anne-Grethe Naustdal

Leiargruppa ved FHS har no gjort vedtak om kva studieprogramråd FHS skal ha frå 2019.

Det fyrste framlegget til studieprogramråd ved FHS er revidert i høve dei innspel som kom frå fagseksjonsleiarane.

Endringane frå fyrste forslag er at det vert eit studieprogramråd for kvar av sjukepleieutdanningane i Bergen (heiltid og desentralisert deltid). Jordmord og helsesjukepleiar er oppdelt i kvart sitt studieprogramråd og det same er master i Klinisk helse- og omsorgsvitenskap og master i Samhandling. FHS får med dette 21 studieprogramråd. Studieprogramråda vil bli endra etter kvart som vi utviklar og samkjører studieprogramma våre.

Kvalitetshandboka er publisert og mandat fog samansetjing av råda inklusiv årshjul for kva saker som bør behandlast når, finn ein her: <https://www.hvl.no/om/kvalitet-i-utdanningane/kvalitet-i-studieprogram/>

Det vert no utarbeidd ei oversikt over leiing og administrasjon knytt til kvar av studieprogramråda. Her vil det måtte bli justeringar etter kvart som vi får på plass heile administrasjonen (er ledige stillingar).

Studieprogramråd ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Institutt for helse og funksjon

- A. Studieprogramråd for bachelor i Ergoterapi
- B. Studieprogramråd for bachelor i Fysioterapi
- C. Studieprogramråd for bachelor i Radiografi
- D. Studieprogramråd for master i Klinisk fysioterapi
- E. Studieprogramråd for master i Healthy Ageing and Rehabilitation

Institutt for helse - og omsorgsvitenskap

- F. Studieprogramråd for bachelor i Sjukepleie heiltid, Bergen (ut 2021)
- G. Studieprogramråd for bachelor i sjukepleie, deltid, bergen (ut 2021)
- H. Studieprogramråd for bachelor i Sjukepleie, Førde (ut 2021)
- I. Studieprogramråd for bachelor i Sjukepleie, Haugesund og Stord (ut 2021)
- J. Studieprogramråd/referansegruppe for ny sjukepleieutdanning frå 2020
- K. Studieprogramråd for master i Jordmorfag
- L. Studieprogramråd for Helsesjukepleie (helsesøster)
- M. Studieprogramråd for master i Klinisk sjukepleie
- N. Studieprogramråd for master i Klinisk helse- og omsorgsvitenskap
- O. Studieprogramråd for master i Samhandling innan helse- og sosialtenester

Institutt for velferd og deltaking

- P. Studieprogramråd for bachelor i Barnevern
- Q. Studieprogramråd for bachelor i Sosialt arbeid
- R. Studieprogramråd for bachelor i Vernepleie*
- S. Studieprogramråd for master i Samfunnsarbeid
- T. Studieprogramråd for master i Psykisk helse- og rusarbeid og tverrfagleg vidareutdanning i Psykisk helsearbeid og vidareutdanning i Rusproblematikk og rusarbeid (her vert fagseksjonar ved to institutt involvert)

Senter for kunnskapsbasert praksis

- U. Studieprogramråd for master i kunnskapsbasert praksis i helsefag

Representantar frå referansegruppene som jobbar med nye studieplaner for bachelorstudiane vidareførast til studieprogramråd der det er mogleg.

Vidareutdanningar som byggjer på ein bachelorgrad og er ein del av ordinær studieportefølje (unntak for betalingsstudiar), knytast opp til studieprogramråd innan tilhøyrande fagseksjon for master/EVU. Oversikten over etter- og vidareutdanningar pr.d.d. ligg her: <https://www.hvl.no/studier/studieprogram/etter-og-vidareutdanning/?filters=HelseOgSosialfag>

Organisasjonskart

Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS)

